



Susanne Høgtun Landaas  
Mons Slettens Veg 11  
5265 Ytre Arna

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/5851 - 23/60579

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
01.08.2023

## **Innvilga konsesjon for overtaking av gbnr.166/1 Kopperdalen i Alver kommune.**

**Administrativt vedtak: Saknr: 808/23**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i konsesjonslova § 9 jf. § 1 gjev Alver kommune Susanne Høgtun Landaas konsesjon for kjøp av gnr. 166, bnr. 1 Kopperdal i Alver kommune.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga nedanfor.**

**Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding om dette når det er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.**

### **Saka gjeld**

Susanne Høgtun Landaas søker konsesjon for overtaking av gnr. 166, bnr. 1 Kopperdalen i Alver kommune. Seljar er Kjersti Linn Bakke Hopland og Sigve Andreas Hopland. Kjøpesummen er gjeve opp til kr 4 990 000,-.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå kommunedirektøren. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå den.

Føremålet med kjøpet er å busetje seg på bruket og etablere sauedrift, honningproduksjon, hestehald og produksjon av ved.

### *Fakta om bruket*

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

I følgje søknaden har eigedomen våningshus bygd i 1981 med middels teknisk tilstand. Vidare løe med ukjent byggjeår, men i dårleg teknisk stand. Det er òg vedskjul og bod på bruket. Også desse er vurdert til å vere i dårleg stand.

Eigedomen har fram til no vore leigd ut jf. opplysningar i søknaden. Ut i frå flyfoto ser i alle fall delar av jordbruksarealet ut til å ha vore i kontinuerleg drift.

I følgje gardskartet har eigedomen slik fordeling av arealet:

Fulldyrka jord	22,4 daa
Overflatedyrka jord	10,7 daa
Innmarksbeite	40,1 daa
Produktiv skog	402,6 daa
Anna markslag	4,4 daa
Bygd areal	4,6 daa
<u>Ikkje kartlagt</u>	<u>0,0 daa</u>
Sum	484,8 daa

#### **VURDERING:**

Konsesjonslova har som føremål å regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom mellom anna for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest tenlege for samfunnet, mellom anna for å sjå til gode landbruksnæringa, sikre ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld omsetjing av fast eigedom og ta omsyn til busetjing.

Søknaden skal vurderast i høve konsesjonslova §§ 9, 9a og 11 jf. § 1. Som grunnlag for dette er mellom anna «rundskriv M 1-2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt» utgjeve av landbruksdepartementet, nytta.

Kort om dei viktigaste paragrafane i konsesjonslova som vedkjem saka.

Konsesjonslova § 1 (føremålsparagrafen) seier at:

«Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. Framtidige generasjoners behov
2. Landbruksnæringen.
3. Behovet for utbyggingsgrunn.
4. Hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftslivinteresser.
5. Hensynet til bosettingen»

I den del av konsesjonslova § 9 som vedkjem saka heiter det:

«§ 9.(særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

1. Om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området
2. Om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning
3. Om erverver anses skikket til å drive eiendommen
4. Om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet»

Det følgjer av konsesjonslova § 9a (priskontroll ved erverv av landbrukseiendom) at

«Ved avgjørelse av en søknad om konsesjon på erverv av bebygd eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det i tillegg til momentene som er nevnt i § 9, legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling.

I dette tilfellet er det ikkje aktuelt å vurdere prisen. Dette då eigedomen har under 35 daa fulldyrka og overflatedyrka jord – i dette tilfellet 33,1 daa.

Vi står då att med å vurdere dei moment som er nemnt under § 9.

1. *Om overtakar sitt føremål vil ta i vare omsynet til busetjing i området*

Eigedomen er konsesjonspliktig då den er over 100 daa.

Dersom summen av fulldyrka og overflatedyrka jord (seinare kalla jordbruksareal) overstig 35 daa, eller det er meir enn 500 daa produktiv skog på bruket, pliktar søkjar seg til å busetje seg på eigedomen innan eit år og bu der i 5 år i samanheng. Denne eigedomen har eit jordbruksareal 33,1 daa. Eigedomsoverdraginga vil difor ikkje medføre buplikt som nemnt ovanfor.

2. *Om overdraginga medfører ei driftsmessig god løysing.*

Kommunen har ikkje røkt etter om det er ynskje om tilleggsjord i området i forkant av handsaminga. Vi meiner at ressursgrunnlaget på denne eigedomen er så stort at sjølvstendig drift kan forsvarast. I dette tilfellet har vi òg fått ein konsesjonssøkjjar som signaliserer at han ynskjer å drive med jordbruk, husdyrhald og produksjon av ved.

Frå 01.juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp til overdraging av eigedomen. Likevel nemner vi at ny eigar må innan eit år ta stilling til om vedkomande vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet til nokon som ynskjer å drive det.

3. *Om søkjar er skikka til å ta over ein landbrukseigedom.*

Søkjar opplyser at ho har lang erfaring med hestehald. Dette må vere godt nok til å drive denne eigedomen på ein god måte.

4. *Om omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet vert teke i vare.*

Ressursane på eigedomen skal disponerast på ein slik måte at produksjons- og utnyttingsevna vert teke vare på. Søkjar har interesse for landbruksdrift og erfaring med hestehald. Etter kommunen sitt syn vil dette ta vare på både produksjonsevna til bruket og kulturlandskapet.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon gjeve i samsvar med søknaden.

## Regelverk

- Konesjonslova
- Rundskriv 1-2021 Konesjon, priskontroll og boplikt
- Forvaltningslova

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/5851»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Susanne Høgtun Landaas

Mons Slettens Veg 11

5265

Ytre Arna